

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - L12	18/125

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2018	Formannskapet	PS	22.03.2018

### Framlegg til reguleringsendring Stordalshammeren

#### Vedlegg:

<b>Journalposttittel</b> Kart Stordalshammaren med historikk	<b>Dato</b> 22.02.2018
---	---------------------------

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

*Framlegg til reguleringsplan for endring av reguleringsplan for Storhammaren vert sendt ut på høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.*

#### Saksopplysningars:

##### Bakgrunn og fakta:

Stordalen Tomteselskap AS har i brev av 20.02.18 sendt inn framlegg til reguleringsendring for reguleringsplan for Stordalshammaren.

Reguleringsplanen for Stordalshammaren vart godkjent i kommunen 25.10.11.

Hyttefeltet vart så bygd ut med tilkomstveg og øvrig infrastruktur. I dag er alle 17 tomtane selde.

Dei skriv i oversendingsbrevet at tilkomstvegen er bygd med noko avvik i forhold til reguleringsplanen. Dette gjeld primært plassering avkøying fylkesveg og første del av vegen, og at avkøyringa er om lag 20 m lenger nord enn reguleringsplan viser. Vidare skriv dei:

*«Første delen av tilkomstvegen er såleis bratt, på det brattaste 19 %. Dette skapar problemer om vinteren med framkommelegheit. Vi vil no flytte avkøyringa 32 m mot sør, slik at den bratte delen av vegen blir slakkare. Vegen får her ein stigning på 14,5%. ( ca 1: 7 )*

*Dette er same stigning som vegen til Kleivetoppen Hyttefelt, og vegen fungerer her fint vinterstid med framkommelegheit og brøyting. Det har vore vurdert å flytte avkøyringa endå lenger mot sør. Dette har ikkje noko for seg, då fylkesvegen hellar mot sør, og ein opnår ikkje ytterlegare gevinst med tanke på stigning tilkomstveg. Alternativet ville også ført til omfattande og lite pent inngrep i terrenget.*


*På nytt plankart er også tatt inn mindre avvik for tilkomstvegen lenger oppe i hyttefeltet. Her viser*

plankartet faktisk situasjon. Føremål med reguleringssendring:

Reguleringsendringa gjeld flytting av avkøyring og omlegging av første 100 m av tilkomstveg. I tillegg rett plassering av bygd veg vidare oppover i hyttefeltet.

I tillegg til nytt plankart legg vi ved kart som viser ny vegtrace, tidlegare regulert vegtrace, samt trace for bygd veg.

Vi søker med dette om godkjenning for planendringa. Det er ikke behov for endringar i reguleringsføreseggnene.»



Hovedendringane gjeld tilkomstvegen opp frå fylkesvegen, sjå kartutsnitt over.

#### Vurdering

Administrasjonen har vurdert planframlegget, og ser at dei føreslattne planendringane er gjort for å få til ei betre tilkomst.

I § 12-14 i plan- og bygningslova står det mellom anna følgjande om endring og oppheving av reguleringsplan:

«Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9.»

*Administrasjonen meiner at planendringa som her ligg føre i stor grad er kurant. Planendringa kan etter administrasjonen si vurdering sjåast på som ei mindre endring i medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova. Ein rår difor til at revidert plankart vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14, jf. Når planen har vore på høyring må planendringa verta endeleg handsama i kommunstyret.*

#### **Konklusjon**

*Rådmannen rår til at framlegg til reguleringsplan for endring av reguleringsplan for Storhammaren vert sendt ut på høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.*

### **Formannskapet - 023/2018**

#### **FS - behandling:**

Formannskapet drøfta saka og ber om at det vert utarbeidd profilteikningar for endring av vegen før reguleringsplanen vert sendt på høyring. Formannskapet ønskjer ei synfaring i samband med formannskapsmøtet i juni.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

*Framlegg til reguleringsplan for endring av reguleringsplan for Stordalshammaren vert sendt ut på høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-14.*